

Hordaland

Namnet Hordaland er kjend frå skriftlege kjelder frå om lag 800 e.kr. Namnet viste då til dei ytre strøka, Sunnhordland og Nordhordland. Samstundes vaks det frå då av fram ei førestilling om Hordafylket som femna om dagens Hordaland, og Gulen til Dingjaneset. I mellomalderen var Hordaland delt i 4 fjordungar som var rettskrinsar under fylkestinget - Nordhordland, Sunnhordland, Voss og Hardanger. Delinga er geografisk, men peikar på kulturelle skilnader som dels har halde seg fram til vår tid. Sunnhordland og Hardanger var sete for mange av adelslektene på Vestlandet, på Voss finn ein eit høgt tal sjølveigande storbønder, medan det i Nordhordland er mange små bruk og felleseige.

I tidlig steinalder er det ved rike straumar og sund i ytre strøk, som Fosnstraumen og Vindenes, vi finn dei fyrste busetnadane om lag 9000 f. kr. Steinalderfolket breidde seg vidt omkring der isen for, og fann mellom 7000 og 7500 f.kr. vegen til jakt- og fiskeressursane i fjellet og på Hardangervidda.

Jordbruket kom til Hordaland om lag 3000 f. kr., tidligast i ytre strøk, som ved Straume på Radøy. Klimaet her var mildt og det var truleg eit svedj jordbruk med lyngheibruk og utegangarsau som breidde seg. Fisket i ytre strøk har heilt fram til vår tid vore for viktig til å flytte busetnad bort frå sjøen, men jordbruket og endringar i klimaet gjorde at ein lenger aust fekk eit anna næringsgrunnlag. Gardane i midtre og indre strøk, som i Kvam og Ullensvang, har i staden større innmark, og tilknytte stølar med jakt- og fiskerettar i fjellet som ein viktig del av gardsdrifta. Enkelte stader i indre strøk, som Eidfjord, kunne jakta i fjellet kaste like mykje av seg som gardsdrifta. Her er og mektige vitnesbyrd om rikdom frå jernvinneområde som er mellom dei største og tidligaste i landet.

Farleia frå nord til sør, og fjordarmane som tek ein frå vest til aust, har vore dei fremste ferdslvegane i fylket i uminnelege tider. Knutepunkt vaks fram på stader der vegar møtte fjorden, som Eidfjord og Odda. Langs dei meir sentrale ferdslvegane har det blitt etablert ulike maktsete. Hundretals gravrøyser som viser veg langs fjordane og leia kan vitne om ferdsel, makt og tilhøyrsl. I jernalderen trer det fram store gardar i ytre strøk som etterkvart vart kongsgardar på Fitjar, Lygra, Alrekstad og Seim. Kongar veksla i lang tid bustad mellom desse stadane.

I sagalitteraturen heiter det at Hordaland var midt i landet. Dette vitnar om ei sjøvend organisering og forståing av landskapet som sto seg fram til Bergensbanen sto ferdig i 1909. I heile denne perioden var det like kort veg til hamner i nord- Atlanteren som til austlandet, og det er talande at sagalitteraturen skildrar vegen til Amerika frå Hernar i Øygarden. Hordaland har hatt nære band til områda rundt nordsjøbassenget, og høyrer heime i eit nord-atlantisk kulturfellesskap som deler historie og materiell kulturarv som lyngheier, samanbygde hus og grindverksbygging.

Strategisk plassert ved leia, mellom to lange fjordar og tett ved utfartshamnene vestover, vaks handelstaden Bergen fram på 1000-talet. Då måtte hamna flyttast frå den eldre kongsgarden Alrekstad til Vågen. Tørrfiskhandelen gjorde byen til ein av dei største i Norden i mellomalderen, og den var ei viktig importhamn for korn. Bergen var den største byen i landet fram til 1833.

I historisk tid vart sentrale samfunnsfunksjonar plassert ved leia og på viktige stader ved ferdslvegane. Dei fekk framståande posisjonar i landskapa, gjerne der det alt var samlande

funksjonar frå før. Kyrkjer, prestegardar, handelsstader og embetsmannsgardar prega landskapet i bygdene dei vart lagde i. Bergen har gjennom desse strukturane formidla kulturelle impulsar frå Europa til distrikta i Hordaland og elles på Vestlandet. I hundreåra etter reformasjonen vart etterkvart embetsmannsgardar, gjestgjevar- og handelsstader liggjande som små øyer av bykultur og bergensk byggeskikk i bygdene.

Oppfinninga av oppgangssag og stor etterspurnad etter trevirke på dei britiske øyar gjorde at mykje av dei gamle skogane i Hordaland vart hogde. I Sunnhordland og Hardanger, der dei hadde oppgangssag og utskipingskai, var det stor handel med Skottland frå 1500-talet til 1753. Fyrst etter 2.verdskrigen og dei store skogplantingskampanjane breidde skogen seg i Hordaland igjen, no med mykje gran.

Streng vintrar og storstilt gruvedrift austpå auka talet på farande over Hardangervidda på 16- og 1700-talet. Driftekarar kom austfrå om våren og kjøpte ungdyr i vest som dei tok til beitene på Hardangervidda. Frå Hardanger vart det ført store dyreflokkar og talg til Kongsberg. Skreppekarar selde ulike varer til folk i bygdene vestpå. Slepene over Hardangervidda, saman med ei mengd kulturminne som felæger og beitevollar, er minne om denne trafikken. Dei tok ein også til marknadsstadar i fjellet der folk frå aust og vest gjorde handel. I det særlege pilegrimsålet Røldal var marknaden samanfallande med katolsk høgtidsfeiring heilt fram til 1830-talet.

Dei fast reisande på sjø har i lang tid vore ein del av dagleglivet langs kysten i Hordaland, mest kunnskap om dette har vi frå tida etter seinmellomalderen. Langs kysten reiste og budde folk i båt. Dei reiste frå stad til stad og utførte spesialiserte handverk og vøling. Det er hevda at desse båtreisande var den største nomadiske gruppa på sjø i Nord-Europa. Dei har truleg hatt eit for det meste godt fungerande hopehav med dei fastbuande, men levesettet vart etterkvart avskaffa gjennom statleg politikk. Det vart etablert korreksjonsinstitusjonar, som barneheimen på Askviknes, der ein tvangsassimilerte folkegruppa. Vi har få spor etter leveviset deira i dag.

Utover 1800-talet fekk landskapet ein framståande plass i den gryande nasjonale sjølvkjensla. Med Bergen som innfallsport og heim for framståande kunstnarar vart det skapt ei nasjonalromantisk framstilling som skildra eit skjønt landskap med fjell og fjord, og folka som budde i det. Særleg var Hardanger eit viktig reisemål og motiv for tilreisande kunstnarar og turistar frå heile Europa.

Den industrielle revolusjonen prega samstundes Hordaland i ei ny retning utover 1800-talet. Langs fjordar og sjø er det mange gunstige stader med god hamn og tilgang til vassdrag der industristader kunne etablerast, som Ytre Arna og Alvøen. Heile samfunn vart bygd på slike stader. Idear og kapital frå utlandet, elektrisk kraft og nyvinningar innan samferdsle forsterka utviklinga etter 1900, og industrisamfunn frå denne tida, som Odda og Tyssedal, pregar heile landskapsbiletet.

Folk flytta i nyare tid frå bygdene til byar og tettstader, og samferdsletekniske nyvinningar på 1900-talet flytta gradvis samanhengane mellom dei menneskpte strukturane i landskapet frå sjø til land. Bergensbanen, bilveggar og flyplassar dreiv fram eit systematisk skifte i bustadmønster, samhandling og stadbygging. Hordaland er i dag eit gjengroande kulturlandskap som i stadig mindre grad er prega av dyrking og livberging, og i aukande grad av arealkrevjande megastrukturar.